

# KYRKJEBLADE FOR ÅL



ANDAKT / NY KYRKJETENAR / PÅSKETRADISJONAR HJÅ VÅRE NYE ÅLINGAR  
KYRKJA OG KORONAEN / PREGAR BISPEDØMMET / KUNSTNAREN OG KYRKJETENAREN

NR. 1 | 2021 | 62. ÅRGANG



*Men dei som ventar på HERREN, får ny kraft,  
dei lyfter vengene som ørna, dei blir ikkje slitne, dei går og blir ikkje trøytte.*

# Kva skjer?

Kyrkjebladet for Ål har i fleire år kome med seks nummer i året. I 2021 blir det berre 4 utgåver, har soknerådet for Leveld, Torpo og Ål bestemt. Forklarin ga er todelt: Bladet har ein svært trond økonomi, og korona-pandemien har skapt mindre aktivitet i kyrkje og kristenliv; det blir difor mindre å skriva om.

## Kyrkjebladet skapar identitet

Papirversjonen av kyrkjebladet er viktig for mange, vil eg tru, og kanskje aller mest for eldre som kanskje ikkje er så mykje på nett. Kyrkjebladet er med på å skapa identitet. Om det ikkje alltid står så mykje i bladet, så speglar det i alle fall av ein viss aktivitet i kyrkje og lokalsamfunn. Trusliv og kyrkje blir med dette synleg, blir rekna med, er til stades. Kyrkjebladet skaper kontakt, informerer, skaper undring og ettertanke. Bladet kan, for enkelte, vera vel så viktig i desse krisetidene enn det elles er.

Men med berre 4 nummer i år kan delar av bladet, og særleg omtale av komande arrangement, fort bli uaktuelt og direkte feil. Eit døme er gudstenestelistene som alltid får plass på side 7. Produksjontida for kyrkjebladet er om lag ein månad. Avlyste gudstenester og nedstengde kyrkjer, eller andre endringar, får me ikkje med oss fordi det skjer ganske så brått.

## Sjå nettsida vår

Derfor: For å vera oppdatert kan ein lesa Hallingdølen sjølv sagt, eller kva med den gode nettsida vår, [www.aal.kyrkja.no](http://www.aal.kyrkja.no)? Her finn du alltid oppdatert informasjon: om gudstenestene, om «Etter

• • • • •  
I KYRKJEPORTEN



Av Birger Bolstad

skuletid», om sorggrupper, konfirmasjonar, kva vedtak har sokneråd og fellesråd gjort m.m. Her er også den digitale versjonen av kyrkjebladet. Sekretær Elin Etterlid Tveito på kyrkjekontoret er webredaktør og ansvarleg for denne innbydande og aktuelle nettstaden.

Når eg skriv dette, er kyrkjene stengde; mange saknar å kunne gå til gudsteneste. Eit godt alternativ er å lytta til NRK som kvar sundag kringkastar ei gudsteneste, og om kvardagane kan du her lytta til kortare andakter. På Facebook kan du sjå og høyra direkte-strøymde gudstenester, til dømes fra Oslo domkirke. Også gudstenester her i prostiet har du stundom kunne sett på nett. Er det mogeleg å få til faste digitale løysingar og strøyma gudstenester her i Ål?

## Kyrkja kjem til deg!

Og så minner sokneprest Vigdis Moen Storhaug oss alle på at når ikkje du kan koma til kyrkja, kan kyrkja koma til deg! Sjå artikkelen «Kyrkja og koronaen» på side 6.

Også dei mange podkastane som finst, kan gje oss glede og inspirasjon. Eg lyttar gjerne! Vår eigen biskop, Jan Otto Myrset, har sans for podkast-formatet og har starta podkasten «Tune in Tunsberg med biskop Jan Otto». Tema er samfunn, kyrkje, liv og tru. For eit spennande prosjekt! Og vil du sjå og høyra biskopen vår endå meir, kan du gå til bispedømmets eigen You Tube-kanal. Last ned, sjå, lytt og lær!

## Ørna og skjora

Kjell Einar Bie i Ål tok tidlegare i vinter biletet av kongeørna som du ser på framsida av kyrkjebladet. Naturfotografen Kjell Einar venta i eit fotoskjul i Todalen i Nes i heile 18 timer. Brått poserte kongeørna (og skjora!) i vel to minutt for han. Og så var det heile over. - Det vart eit magisk møte med stor-fuglen. Nærare himmelen kjem ein ikkje, seier Kjell Einar, som har teke mange vakre naturbilete; han har fleire til sals.

Kva kan ørnebiletet fortelja oss? Fleire har sett biletet før det no kjem på trykk. Me vil gjerne dele nokre interessante refleksjonar som kom frå Audun Moen:

Ørna er ein fugl som har full oversikt og kontroll, akkurat som Gud. Den kan flyta på dei store vengene sine i lang tid, utan å bruka ein kalori, og framleis ha full oversikt. Skjora har korte venger og er ikkje like god til å flyga. Me menneske kan samanliknast med skjora. Akkurat som skjora i biletet, har ikkje me menneske like god oversikt frå bakkeplan. Stolar vi berre på oss sjølv vil me oppleva meir slit, slik som skjora i laussnøen. Å stola på Gud gjer at me får kraft frå Han som har oversynet og som kan gje oss fred og meir flyt i kvardagen.

Red.

## Formiddagstreff

Når kan det bli Formiddagstreff i Ål og Vats i desse korona-tider?

Følg med i Hallingdølen og på heimesida til kyrkja: [www.aal.kyrkja.no](http://www.aal.kyrkja.no)

**Kirkens SOS: 22 40 00 40**

(landsnr.)

## KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJON Birger Bolstad (redaktør) • Arne Jensen • Liv Margit Sørboen

BANKGIRO 2320.20.70272 | VIPPS 627063 | ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd

GRAFISK PRODUKSJON Kreator, Torget 6, 3570 Ål, [www.kreator.no](http://www.kreator.no)

## KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag–fredag kl. 08.30–14.00 | Tf. 32 08 61 61 | [aal.kyrkje@hallingnett.no](mailto:aal.kyrkje@hallingnett.no) | [www.aal.kyrkja.no](http://www.aal.kyrkja.no)

PROST Stein Hansen | PROSTIPREST Arne Jensen | SOKNEPREST Vigdis Moen Storhaug | KYRKJEVERJE Kjellfred Dekko | SEKRETÆRAR Guro Stave • Elin Etterlid Tveito  
KANTOR Audun Flæn | MUSIKARAR Ingunn Stræte • Håkon Tveito | DIAKON Hilde Kirkebøen | KYRKJELYDSPEDAGOG Kristine Giljebrekke Andersen | REINHALDAR Rezene Habtom  
KYRKJETENRAR Håkon Tveito • Morten Storhaug • Tom Vidar Myrestølen | SOKNERÅDSLEIAR Einar Brattegard | FELLESRÅDSLEIAR Torfinn Slåtto

# Kjærleiken som er sterkare enn døden

Under Nürnbergprosessen, då framståande politiske og militære leiarar i nazi-Tyskland vart stilte til ansvar for krigsbrotsverka sine, vart det framført eit vitne som i ei tid hadde oppheldt seg i ei grav på ein underjordisk kyrkjegard i Wilna i Polen. Det var den einaste staden det var

muleg for han og mange andre

å opphalde seg, medan dei gjøymde seg etter å ha rømt frå gasskammeret. I eit dikt skildrar denne rømlingen ein fødsel. I ei grav i nærleiken fødde ei ung kvinne eit gutebarn. Den åtti år gamle diktaren hjalp til, og då det nyfødde barnet utstøyte sine første skrik, ba den gamle mannen ei bøn:

«Gode Gud, har du endeleg sendt Messias til oss? For kven andre enn Messias sjølv kan bli fødd i ei grav?»

Juleevangeliet er forteljinga om korleis frigjeraren biletleg tala har landa bak fienden sine linjer. Han kom forkledd, ja, for han likna slett ikkje ein krigshelt eller ei slosskjempe. Våpna hans er ikkje sverd eller spyd, bomber eller stridsvogner, men kjærleiken

som er sterkare enn døden. Det

nyfødde barnet blir sveipt og lagt i ei krubbe, like forsvarslaust som eitkvart anna nyfødt menneskebarn. Det er som vi allereie skimtar krossen.

Både krubba og krossen er symbol på det utsette og sårbar. Dei er laga av same tre. Krossen er eit martyreikn, ein torturreiskap planta midt i hatets og lidingas verd. Det er først når vi ser at det er barnet frå krubba som heng på krossen, vi fullt ut forstår den sterke

forteljinga om Jesu fødsel. Han som tok bustad midt imellom oss og delte våre kår, han vann over syndas og hatets makt då han ga livet sitt for oss. Påska er den inste nerven i jula.

.....

## ANDAKT



Av biskop  
Jan Otto Myrseth

Foto: Henrik Gutt-Larsen

*Fra krybben til korset gikk veien for deg, slik åpnet du porten til himlen for meg. (Norsk Salmebok 56, vers 3)*

Sambandet mellom krubba og krossen er heilt ufråkomeleg i vår kristne tru. Maria sveipte den nyfødde sonen sin til livet. Sidan tok ho imot den døde kroppen hans, slik det er framstilt så sterkt i Michelangelos Pietà. Men på den tredje dagen reiste Gud han opp frå dei døde, og i trua på han får vi del i det evige livet – takka vere kjærleiken som er sterkare enn døden.

## Ny kirketjener

Første januar begynte Tom Vidar Myrestølen i 40 prosent stilling som kirketjener. Tom Vidar vokste opp på Myrestølen i Vestlia, så han kjenner området og landskapet her godt. Av fag er han tømrer, og jobber i dag som selvstendig næringsdrivende. Lenge kombinerte han dette med gårdsdrift, men fra nå av vil vi ha glede av hans allsidige erfaring her i kirken.

Selv om mye av kirkens aktiviteter ligger nede på grunn av korona, har vi andre i staben hatt gleden av å møte ham flere ganger allerede. I likhet med de andre kirketjenerne, vil også Tom Vidar være å se i alle kirkene våre. Vi ønsker ham velkommen i staben og ser frem til samarbeid i tiden fremover.

Av Arne Jensen



Foto: Arne Jensen

## Fasteaksjon 2021

Verda står overfor ein pandemi som råkar oss alle. Kirkens Nødhjelp (KN) er spesielt uroa for dei mest sårbare menneska i verda. Koronaviruset kan få katastrofale følgjer for land med stor fattigdom og dårlig utbygde helse-system. Reint vatn og god hygiene er livsviktig i denne ekstreme situasjonen, både for å førebyggja vidare spreiling, men også for å hjelpa dei som alt er råka.

Aldri før har reint vatn vore så viktig som i 2020, då pandemien råka, men utfordringane held fram i 2021. KNs 60 års erfaring, kunnskap og arbeid med vatn er livsviktig i kampen mot det dødelege viruset. KN byggjer mellom anna handvaskstasjonar, køyrrer ut bilar med vatn og driv opplæring i hygiene. KN er til stades i 30 av dei mest sårbare landa i verda.



Støttar du fasteaksjonen? Ta vel mot bøsseberarane når dei kjem!

*Dei siste åra har Ål fått fleire busette flyktningar. Mange har kristen bakgrunn frå ulike kyrkjesamfunn. Og den største og viktigaste høgtida for dei fleste kristne er påska. Korleis feirar innvandrarane påska i sine heimland? Me har møtt eit ektepar frå Eritrea og to veninner frå Burundi som fortel om sine påsketradisjonar.*

# PÅSKETRADISJONAR hjå våre nye ålingar

Av Liv Margit Sørbøen (tekst og foto)

## Ghergis Hadgu og Saba Hilafu frå Eritrea

Ghergis Hadgu og kona Saba Hilafu budde i hovudstaden Asmara i Eritrea. Dei tilhørde den katolske kyrkja der, og her på Ål er dei med i den katolske kyrkjelyden. Heile familien vart busett på Ål i 2016, og dei har fire gutter frå 6 til 16 år. Ghergis jobbar i helsesektoren, og Saba jobbar i reinhald. Frå Eritrea har dei tradisjon med å feire både jul og påske etter den såkalla GIS-kalenderen, for då feirar både lutherske, ortodokse og katolske samtidig. Her i Noreg blir det difor til at dei feirar både jul og påske to gonger.

### Den største kristne feiringa

Påskehøgtida er den største kristne feiringa i Eritrea. Det startar oskeonsdag når dei skyller munnen med vatn, og så er det 40 dagars faste til 1. påskedag. Ghergis fortel at måla for fasta først og fremst er å gjera gode gjerningar mot nesten din og halde boda. Det andre målet er å halde seg unna kjøt og meieriprodukt desse 40 dagane, dvs. som eritreske katolikkar held dei seg og unna kjøt alle ondagar og fredagar heile året gjennom.

- Palmesundag flettar me ringar og armband av palmar, og desse brukar me gjennom heile påskeveka, seier Saba. Og på skjærtorsdag vaskar presten føtene til alle som er i kyrkja på grunn av Jesu fotvask før han



Ghergis Hadgu og kona Saba Hilafu har budd på Ål sidan 2016, saman med dei fire borna sine.  
– Den store påskefeiringa er natt til 1. påskedag, fortel dei.

innstifta nattverden. Langfredag blir heile lidingshistoria lese, og på alteret brenn det berre eit lys, fortel ho.

### Nonstop messer

- På påskeaftan tek mange på seg kransar på hovudet. Så startar den store feiringa natt til 1. påskedag klokka 12 om natta. Då er heile familién i kyrkja, dei små kan legge seg på «tepper» frå palmetrea, og alle har

kvart sitt stearinlys i handa. Først går alle tre gonger rundt kyrkja mens ein syng påskesalmar og held lys i handa, seier Ghergis. Så er det «nonstop messer» heile natta gjennom på ulike språk. Etter messa er det fest og moro i heimane.

- Der blir det slakta lam, geit eller kylling, og det er kaffeseremoni og heimebrygga øl, og alle har finkleda på, seier Saba.

## Aurore Ita frå Burundi

Aurore Ita kjem frå ei bygd i Burundi. Ho har ho budd på Ål i over 5 år, ho trivst godt her, og ho jobbar i helsesektoren. Ho høyrer til den katolske kyrkjelyden her.

- I Burundi er og påska den største

høgtida i året. Fastetid er ikkje vanleg, men det er viktig å halde seg utan kjøt og meieriprodukt kvar fredag året rundt, fortel ho.

### Med palmer i hendene

I heile påskeveka er kyrkja full av



Veninnene Aurore Ita (t.h.) og Bethel Justine fra Burundi har budd på Ål i fem år. Aurora er katolikk, Bethel pinseven.

aktivitet og ulike messer. På palmesundag går folk i prosesjon med palmar i hendene. Rosenkransen, som ofte er forma som eit armband, er viktig. Det blir preika over heile livet til Jesus frå fødsel til død gjennom heile påskeveka.  
På skjærtorsdag vaskar presten føtene til dei borna som hjelper presten, ministrantane. På langfredag er det mykje bøn og lesing av lidingssoga, og alteret er tomt og nakent.  
- Og på påskeaftan går presten rundt

i bygda eller byen og deler ut nattverd og velsignar dei gamle og sjuke som ikkje kjem seg til kyrkja, fortel Aurora

#### Dans, teater, glede

I påskedag er det stor dåpssundag og ein spesiell nattverd. Så er det dans, teater og glede fordi Jesus har stått opp! I kyrkja der Aurore vaks opp, var det tre messer om dagen og ein om kvelden.

## ... og **Bethel Justine frå Burundi**

Bethel Justine har og budd her på Ål i over 5 år, ho trivst godt her og jobbar i helsesektoren. Ho hører til pinsekyrkja i Burundi der far hennar er pastor. Ho kjem frå hovudstaden, Bujumbura. Her på Ål har ho funne seg godt til rette på HÅP.

- Som pinseven har me ingen tradisjon med faste før påskehøgtida. Det er opp til kvar enkelt om, og når ein vil faste, seier Bethel. Men i påskeveka er det vanleg å vera i kyrkja alle dagane, dei les heile lidingssoga og det er mykje lovsong.

- I påskedag har alle pynta seg, det er fest og glede både i kyrkja og i heimane, nesten som i jula her i Noreg, fortel Bethel.

I Burundi har dei den same kalenderen som oss, slik at dei feirar både jul og påske likt med oss i den vestlege verda.

## KONFIRMANTAR 2020–2021

Pandemien gjer at konfirmasjonsdato ikkje er endelig avklara når kyrkjebladet går i trykken. Me vil likevel dele namna med kyrkjelyden.

#### LEVELD

Elin Thoen  
Guro Molde Lappegard  
Thorbjørn Haug  
Tormod Brattegard  
Trine Lappegard

#### TORPO

Elias Gilen  
Henning Haugo  
Ragnhild Opheimsjorde  
Ådne Åsegård Kaspersen

#### ÅL

Alexander Jones Strand  
Ane Torsgård  
Bjørnar Helling Gunhildgard  
Brita Laa  
Camilla Bæra  
Ella Marie Murray  
Esteban Haugset  
Frida Strendo Leikvold  
Ingvild Thoen  
Kasper Tormodsgard Røv  
Mathias Thune Majormoen  
Maxim Alexandrovitsj Taktayev  
Sarlota Värpa  
Savannah Reshamadatter Roen  
Synne Marie Klype Tveito  
Synnøve Hille-Bekkestad  
Tiril Emilie Fuglesang Tveito  
Vegard Issachar Disen  
Vegard Nordnæs  
William Vidme Sønsteby

FAKTA: ERITREA	
Hovudstad:	Asmara
Folketal:	ca. 6 millionar
Folkegrupper:	9 etniske grupper med kvar sine språk.
Offisielle språk:	Tigrinja og arabisk
Religionar:	Koptisk ortodoks 43% Katolsk 2,3% Protestantar 0,7% Sunni islam 50,3% Shia islam 1,3%

  

FAKTA: BURUNDI	
Hovudstad:	Gitega
Folketal:	ca 11 millionar
Språk:	fransk, kirundi, engelsk
Religionar:	Katolsk 62% Protestantar 23% Andre kristne trussamfunn 11% Islam 2,5%

Kjelde: SNL.no og Wikipedia

## Sorggruppe

Ønskjer du å vere med i sorggruppe,  
eller oppfølging om sorg?  
Kontakt kyrkjekontoret på tlf 3208 6161  
eller diacon tlf 4045 5783.



Foto: unsplash.com

# Kyrkja og koronaen

«Kirken den er et gammelt hus, står om enn tårene faller», skreiv Grundtvig i 1837. Biskop Sigurd Osberg var ein stor humorist. Han samla historier frå prestelivet sitt mellom to permar. Med tittelen «Kirken den er et gammelt hus, står om enn tårene faller».

Av sokneprest Vigdis Moen Storhaug

No kan vi kjenne at tårene pressar på. For nokon kvar. Ikkje av glede, men av uvisse og kan hende frykt. Både for vår eigen del, for nærmiljøet, for landet vårt, og den store verda. Der alt og alle heng tettare saman enn før.

Vi er slitne. Både av å halde avstand, sette noko på vent, forandre ting på kort varsel, eller avlyse. Vi ser ikkje omfanget av kva koronapandemien vil gjere med oss. Som enkeltmenneske og folk. Verken fysisk, psykisk, eller økonomisk. Vi har mange handtrykk og klemmar til gode når pandemien er over.

## Vi treng kvarandre

Vi treng kvarandre meir enn nokon gong  
Vi treng å sjå kvarandre. Kome nær kvarandre. Prate og lytte. Difor er det eit paradoks at vi må halde avstand. At sosiale og kulturelle arrangement blir avlyst, og at kyrkja ikkje er open for alle som vågar seg ut.

Når eg skriv dette, er det ei grense på 10 personar som kan feire gudsteneste i kyrkja. I tillegg til dei som har oppgåver. Det same gjeld dåp og vigsel. Unntaket er



JULEVANDRING. Elevar ved Nedre-Ål skule hadde ei svært vellukka julevandring i desember 2020. Dei besøkte fem ulike postar ved kyrkja, som illustrerte juleevangeliet. Her Josef og Maria ved krubba, og diakon Hilde med ein nysgjerrig gjethund; engelen ser på.

Foto: Arne Jensen

gravferd, der ein kan samle 50. I Leveld og Torpo kyrkje kan det likevel berre vere 20 i gravferd om ein skal syngja. Sidan det må vere to meter mellom folk som syng.

Det er krevjande å måtte invitere folk til gravferd. Å avgrense kven som skal få delta av familie, vener og granner. Heldigvis er det mange som vél å strøyme sermonien, slik at fleire kan få ta del på nettet.

## Barn og ungdom

Barn og ungdom har vore prioritert i den grad vi har kunne. Med 'Etter skuletid' og konfirmantundervisning.

Vi hadde håpa at konfirmasjonane kunne gjennomførast til våren. Men uvissa om korona-situasjonen gjør at soknerådet har bestemt å utsetja konfirmasjonane til september.

## Tenn lys – og håp!

Vi lengtar til at det meste skal bli slik dei var. Også det som skjer i kyrkjeleg

samanhang. Vi har open kyrkje på onsdagskveldar i Ål. Der kan ein sitje ned i stille. Tenne lys. Her kan ein også snakke med diakon eller prest, og få nattverd om ein ønskjer det. Her er det også ti personar som gjeld når vi registrerer frammøte.

I julen hadde vi påmelding til gudstener. Ingen av desse vart fullteikna. Nokon tenkte dei ikkje ville ta plassen frå andre, medan andre var redde for smitte. Vi er nøye på smittevern, registrering og plassering i kyrkjjerommet. Vi ønskjer at du skal kjenne deg trygg på å koma når vi opnar for det. Vi håpar det vil opnast meir utover våren og sommaren. At vaksinene vil verke og smitten vil avta. Ønskjer du besøk, nokon å snakke med, eller feire nattverd med, skal du ha låg terskel til å ringe kyrkjekontoret. Når ikkje du kan kome til kyrkja, kan kyrkja koma til deg!

# Ålingar pregar bispedømmet

*Utruleg, men sant! Frå januar 2021 har to hallingar, som attpå til er ålingar, fast plass i Tunsberg bispedømmeråd (BDR), Inga Stoveland Dekko (19) og Øystein Lappgard (68).*

Av Birger Bolstad

Student Inga Stoveland Dekko, Åpen folkekirke, fekk fast plass i BDR etter sist kyrkjeval. Øystein Lappgard, pensjonert kommuneoverlege, enda på fyrste varaplass på Nominasjonskomiteens liste til kyrkjevalet i 2019. Men fra

årsskiftet rykte han opp på fast plass fordi eit fast BDR-medlem hadde fått seg arbeid i kyrkja og difor mista lekmannssetet.

BDR består av ti medlemmer: Biskop Jan Otto Myrseth, ein vald representant

for prestane, ein representant for andre kyrkjelege tilsette og sju leke. Det er blant desse sju leke at Ål altså har to faste representantar.

Men åling-dominansen er nok sterkare enn som så. Pensjonert prost Sevat Lappgard, også frå Ål, men no busett i Hole, vart vald som vararepresentant til BDR på lista til Åpen Folkekirke. Han er bror til Øystein. Og på det fyrste møtet stilte alle tre ålingane!

# VI GÅR I KYRKJA

## MARS

**10.03.2021** **Mark 9,17-29**

Ål kyrkje 18.30

**14.03.2021** **2 Kor 5,18-21**

Torpo kyrkje 11.00  
Leveld kyrkje 11.00

**17.03.2021** **Joh 3,11-16**

Ål kyrkje 18.30

**21.03.2021** **Luk 1,46-55**

Ål kyrkje 11.00 og 17.00

**24.03.2021** **Luk 1,46-55**

Ål kyrkje 18.30

**28.03.2021** **Matt 26,6-13**

Vats fjellkyrkje 11.00

## APRIL

**01.04.2021** **Luk 22,14-23**

Torpo kyrkje 11.00

Vats fjellkyrkje 11.00

Sangefjell

naturkatedral 13.00

Ål kyrkje 19.00

**02.04.2021** **Luk 22,39-23,46**

Nystølskyrkja 12.00  
Leveld kyrkje 19.00

**04.04.2021** **Matt 28,1-10**

Leveld kyrkje 10.00  
Ål kyrkje 11.00

Nystølhovda  
på Opheimsåsen 12.30

**05.04.2021** **Luk 24,36-45**

Kårstugu 11.00

**11.04.2021** **Joh 21,15-19**

Ål kyrkje 11.00

**18.04.2021** **Joh 10,1-10**

Leveld kyrkje 11.00

**25.04.2021** **Joh 13,30-35**

Ål kyrkje 11.00

## MAI

**02.05.2021** **Luk 13,18-21**

Torpo kyrkje 11.00

**09.05.2021** **Matt 7,7-12**

Ål kyrkje 10.30  
12.30

**13.05.2021** **Luk 24,46-53**

Torpo kyrkje 11.00

**17.05.2021** **Matt 22,17-22**

Ål kyrkje 10.00  
Torpo kyrkje 11.00  
Leveld kyrkje 11.30

**23.05.2021** **Joh 14,15-21**

Ål kyrkje 10.00  
Leveld kyrkje 12.00

## ÅI

11.11.2020	Tore Christiansen	f. 1946
12.11.2020	Jorunn Tønnesen	f. 1931
10.12.2020	Anne Petra Brattegard	f. 1943
18.12.2020	Karin Kristiansen	f. 1937
22.12.2020	Mons Georg Rud	f. 1939
09.01.2021	Nenne Bjørnsen	f. 1957

## Leveld

19.12.2020	Ragnhild Luksengard	f. 1928
------------	---------------------	---------

## DÅP

### ÅI

08.11.2020	Vemund Kronberget
------------	-------------------

### Torpo

24.01.2021	Nora Vestenfor Gullhagen
------------	--------------------------

## VIGDE

### ÅI

21.11.2020	Nathalie Schröder Mathisen og Henrik Medgard Oskam
------------	--

## Tid for julefeiring

Julefeiring på kafe TID har blitt ein fin tradisjon, og me er heldige som har gode folk med på laget. Mange er med på å gje støtte til julefeiringa, og i år rakk det til tre samlingar: julefeiring julafoten med tradisjonell julemat, brønsj 1. juledag og til og med kalkun nyttårsaften.

Julaften var me 26 personar med stort og smått. Morten Carlstad laga deileg julemiddag. 1. juledag var me 12 personar, og nyttårsaften var det 8. Denne kvelden vart berre annonsert internt, da den vart avklart litt sein. Det var god koronaavstand, og me kunne ikkje synge saman. Song og musikk vart derfor vist på storskjerm, og Freddie Bagron hadde ein fin julekonsert.

Tusen takk for alle bidrag! Og takk til alle frivillige! Åge Krogstad heldt ein fin takk for maten tale der han spesielt takka Morten som år etter år stiller opp og lagar mat.

Hilde Kirkebøen, diakon



## Servicehund



Det er vanlegvis ikkje lov å ta med hundar i kyrkja. Men i Ål vil me stundom kunne sjå ein servicehund, ein labrador, saman med Rani Beate Ellingvåg.

Noreg har 50 utdanna servicehundar som gjer kvardagen enklare for eigaren. Ein servicehund har alltid lov til å vera saman med eigaren, overalt på offentlege stader, også i kyrkja, i fylgje forskrifter og lovverk. Hunden til Rani Beate må ikkje forstyrrast (sjå bilet).

## OPEN ÅL KYRKJE

Tysdag – fredag kl. 10 - 14.

Onsdagar også kl. 19 – 21.

Kort kveldsmesse med nattverd  
kvar onsdag kl. 18.30 – 19.00  
fram til påske. Smitteverntiltak.



Samtaler for par, familier og enkeltpersonar.  
Kommunikasjon, konfliktløsing, foreldre-  
rettleiliing, mekling m.m. Tilbodet er gratis

**Tlf. 32 12 33 44**

[www.familievern.no](http://www.familievern.no) • [www.bufetat.no](http://www.bufetat.no)

Neste nr. av kyrkjebladet kjem ut til pinse. Stoff til bladet må leverast kyrkjekontoret/epost: [aal.kyrkje@hallingnett.no](mailto:aal.kyrkje@hallingnett.no) innan 19. april 2021.

# LARS MONRAD VAAGE

## – Kunstneren og kirketjeneren

*Stedet er Kvinnegardslia og et tidligere pensjonat. Jorden er hvit. Lys fra blå himmel gjør de talløse snøkrystallene enda vakkre enn de allerede er. Gud er litt av en kunstner! Jeg blir ønsket velkommen av Lars Monrad Vaage. Inne er bordet dekket med varm te og verdens beste sitronkake.*

Av Arne Jensen (tekst og foto)

I 2020 var Lars kirketjener i Ål. Vi gledet oss over møtet med en stille, positiv, trivelig, tjenestevillig og omsorgsfull medarbeider. Skulle gjerne hatt ham lenger, men ønsker lykke til med nye, kunstneriske utfordringer. For det er kunst som er Lars sitt fag, og nylig åpnet det seg en ny mulighet for ham.

### Kunstneren

Lars studerte ved Kunst- og håndverkskolen i Oslo. Fortsatte ved Kunsthakademiet i Helsinki, før turen gikk videre til Berlin. Der virket han i ti år, dog avbrutt av pendlerturer til Lofoten hvor han underviste ved Kunst og filmfagskolen i Kabelvåg. I jakten på et neste sted oppsøkte han Hellas, Mallorca og Paris, men lengselen mot norsk natur ble for sterkt. Blant annet opplevde han at interessen for fiske våknet til liv igjen. Slik ble byttet med bygd. Første året i Norge satte han en nesten uslæelig rekord: 100 fiskedøgn i strekk!

### Tippoldefaren

Den våkne leser vil kanskje dra kjenst på Lars sitt mellomnavn, Monrad. I Ål kyrkje henger en tavle med Johan



Kunstneren Lars Monrad Vaage foran et av sine mange kunstverk.

Fredrik Monrad sitt navn. Lars sin tippoldefar var nemlig prost i Ål i perioden 1877-1896. Johan Fredrik kom hit fra Vestlandet, etter en svært strabasiøs tur. Det sies at de skiftet mellom hjul og ski på vogna, avhengig av føret.

I tillegg til å skjøtte prestegjerningen arbeidet Johan Fredrik politisk. Blant annet jobbet han for innføring av prestelønn. For dette ble han tildelt Kongens fortjenestemedalje. En annen hjertesak var arbeidet for bevaring av landets stavkirker. I den forbindelse ble det mange turer til det politiske miljøet i hovedstaden.

Monradslekten har alltid hatt et nært forhold til Ål. Hytta som Johan Fredriks sønn, Hans Sundt Monrad bygde på Veståsen, er fremdeles i familiens eie. Hans Sundt ble direktør i et forsikringselskap i Oslo, men følte seg alltid som åling.

### Utstillinger

Men for Lars er det altså kunst som gjelder. I tillegg til å male jobber han også med film. Han skal ha hele fire utstillinger i år, fra Prestegardslåven til Kunstnernes hus. For tiden jobber han hardt for å ferdigstille det tidligere pensjonatet. Der skal han snart huse, undervise og veilede grupper av kunststuderenter.

Når jeg spør hvor han selv henter inspirasjon fra, sier Lars at «det å utsette seg for nye ting kan gi stor mening. Alt som rives ut av det faste er veldig bra». Lars sine arbeider er historiefortellinger. Gjennom konkrete, håndfaste ting ønsker han å lede tilskuerens assosiasjoner mot større og mer eksistensielle spørsmål.

Ordene Lars sier hører jeg bare der og da. Men tankene som ligger til grunn for innholdet følger meg videre. Nok en gang opplever jeg at møtet med mennesker beriker. Jeg takker for meg, og tar skrittet ut igjen i den kalde, men varme snøen.

Lars med et bilde av tippoldefaren Johan Fredrik Monrad som var prost i Ål i perioden 1877-1896.

